



Aktivitetsdagen i fjor var ei stor oppleving for store og små. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Aktivitetshusets Damevenner driv ikkje berre og planlegg påskedansen onsdag 4. april, dei planlegg og på noko lengre sikt. Anita Enæs opplyser såleis til Uskedalen.no at den store aktivitetsdagen i båthamna i år blir 16. juni.

Opplegget blir som før med ulike aktivitetar, sal av kaffi og kaker, grilling og underhaldning.

Denne gongen vil dei prøva å få til litt fleire aktivitetar, spesielt for dei minste, og også underhaldning som passar både for ung og gamal.

Allereie no kan dei som har lyst til å delta med salsboder, stanar, aktivitetar eller bidra med underhaldning ta kontakt med Damevennene.

For at det skal bli eit fint arrangement denne dagen må alle som har lyst til å vera med og hjelpe arrangøren melda seg.

- Dess fleire som blir med, dess fleire aktivitetar blir det, seier Anita Enæs.